

## Sagbruksdrift Strinda, Klæbu og Byneset 1610-63

### Innleiing

Området som denne artikkelen analyserer i Trøndelag er det som på første halvdel av 1600-tallet var Strinda fogderi, unntatt dagens Skaun kommune, Geitastrand og Malvik kommune.

Den første lista med opplysningar om sagbruksdrift i dette området var i skattelista for 1610 (landskatten) for Strinda fogderi. Lista gir følgjande opplysningar:

- Harchel Bleckum hadde ei sag på Strinda, det kan være Leirfossen sag. Produksjon 30 tylfter.
- Peder Bolstad hadde Bostad sag i Klæbu, produserte 10 tylfter

Det kom sannsynlegvis mange sager dei neste seks åra, men det fins dessverre ingen skattelister for sagerne i denne perioden. I 1616 la kongen ned forbud mot sager på kongens eller kirkas grunn.

I skattelista for 1617 var det berre to sager som begge hadde fått tillatelse til å drive vidare trass i det generelle forbudet. Dette var:

- Borgermester i Trondheim Jørgen Gram med Leirfossen sag som produserte 400 tylfter.
- Lagmann Jacob Pedersen i Trondheim og ombudsmann for Bakke kloster Eilert Christoffersen Skjøller for Wigde sag på Ranheim, som produserte 400 tylfter.

Men allerede i 1618 oppheva kongen forbudet, og dette resulterte i ein sterk vekst i sagbruksnæringa. Den følgjande analysen av sagbruksnæringa dreier seg om perioden etter at kongen oppheva sitt eige forbud i 1618, perioden 1620-1663.

Først skal vi sjå litt på sagbruksdrifta i heile Norge.

### Sagbruksdrift i Norge


I Riksarkivet finnes det dokument som beskriv bruk av oppgangssager<sup>1</sup> i Norge tilbake til 1503. Det gjekk ei tid før oppgangssaga vart vanleg, men i Telemark var det mange sager allerede i 1550-åra. Dei viktigste områda i den første tida var Sørlandet, Telemark og området rundt Oslofjorden. Men det lettast tilgjengelege sagtømmeret var snart hogd, og sagbruksdrifta ekspanderte etter kvart oppover Vestlandet.

Ressursmangel sørpå medførte at oppkjøparane søkte nye skogrike områder. I Trondheim len kom næringa først til Romsdal, frå rundt 1610 til Nordmøre og Trøndelag, og frå 1658 vart næringa stor også i Nord-Trøndelag. I 1597 var det 30 sager i Romsdal, det var 38 i 1603 og 78 i 1610. Vi ser altså at når sagbruksdrifta starter i denne delen av Strinda fogderi så er det alt ei blomstrande næring i Romsdal.

Det som er lite kjent er korleis omfanget i sagbruksdrifta fordelte seg i Norge etter 1620. Her ser vi fordelinga i perioden 1620-43:

---

<sup>1</sup> Ei oppgangssag er ei vassdreven tømmeresag der sagbladet blir drevet rett opp og ned av vatnet.



Vi ser at produksjonen i Trondheim len (Romsdal, Nordmøre og Trøndelag) i storparten av perioden var større enn i resten av landet samla. Dette er uten produksjonen frå kongens sager, adelens sager, og sager som hadde skattefritak. Desse sagerne som mangler i skattelistingene låg i hovudsak rundt Oslofjorden frå Telemark til Østfold, men sjøl om ein tar med desse så var produksjonen størst i Trondheim len.

At ein så stor del av trelastproduksjonen i Norge kom i Midt-Norge er nok både ukjent og overraskande.


Som eksempel frå litteraturen kan ein nemne at det i Kristiansunds historie er opplyst at rundt 30 % av dei fraktkontraktane som vart inngått i Amsterdam på Norge i perioden 1632-1641 hadde Nordmøre som mål. Så konkluderes det slik: «Det er jo innlysende at trelastfarten på Nordmør ikke tilnærmevis kunne utgjøre ca. 30 prosent av den samlede fart på Norge i disse årene.»

Undersøkinga mi viser likevel at Nordmøre sin del av Norges produksjon i disse åra var på dette nivået:

	1632	1633	1634	1635	1636	1637	1638	1639	1640	1641
Nordmøres del av Norges trelastproduksjon	29 %	29 %	36 %	31 %	32 %	39 %	34 %	25 %	21 %	31 %

### Trondheim len

Fordelinga innafor Trondheim len ser vi i neste figur (Mellom 1643 og 1661 gjorde endra skatteregler at produksjonen ikkje vart opplyst i skattelistingene.):




Fram til 1643 var Nordmøre størst på sagbruksdrift, Trøndelag nest størst og Romsdal minst. Men i perioden 1661-63 var Trøndelag størst, først og fremst på grunn av ein kraftig vekst i Nord-Trøndelag.

### Trøndelag


I Trøndelag var det sju fogderi, fire i Sør-Trøndelag (Fosen, Orkdal, Gauldal og Strinda) og tre i Nord-Trøndelag (Stjørdal/Verdal, Inderøy og Namdal). Nord-Trøndelag ser vi på samla.

Produksjonsutviklinga 1620-1643 var slik:



Strinda er her eit større område enn det vi tar for oss ellers i denne artikkelen, ellers i denne artikkelen har vi ikkje med dagens Skaun kommune, Geitastrand og Malvik kommune. Strinda var den nest største sagbordprodusenten i Trøndelag fram til 1630, men vart så forbigått først av Orkdal og så også av Gauldal. Lågkonjunkturen 1639 – 41 slo sterkt ut, men i 1643 var produksjonen oppe i 4 000 tylfter, mykje høgare enn tidlegare. Nederland hadde innført forbod mot seglas til Austersjøen og Norge i 1640–41. Dette forklarar mykje av den låge produksjonen i åra 1639-41.

Over såg vi på produksjonen fram til 1644. Dersom vi ser framover i tid til perioden 1661-1663, når produksjonen igjen blir oppgitt i skattelistene, så er situasjonen heilt endra:



Produksjonen er vesentlig større i perioden 1661-63. Det gjeld alle fogderia, men først og fremst Nord-Trøndelag. Nord-Trøndelag har gått frå å ha lågast til høgast produksjon i Trøndelag. Strinda låg i 1662 på omtrent 8 000 tylfter, omtrent som Gauldal og Fosen, som er godt over alle fogderia i 1643.

### Utviklinga 1658-1663

I 1656 vart alle sager i Orkdal fogderi og i Hølonda tinglag i Gauldal fogderi forbudt på grunn av at skogen vart reservert for det nystarta Løkken gruver. Dermed vart 25-30 % av produksjonskapasiteten i Trøndelag tatt bort. Dei første åra vart produksjonen frå sagerne i desse områda erstatta av sager i Gauldal fogderi. Gauldal leverte produksjonen til den samme fjorden som Orkdal, og ubrukt produksjonskapasitet i Gauldal kunne dermed erstatta produksjonen frå Orkdal.

Etter 1660 må det ha vore svært gode prisar på sagbord, noko som førte til mange nybygde sager. Først og fremst i Nord-Trøndelag, men også i resten av Trøndelag. Omfanget av nybygde sager i ulike områder gir eit bilde av kor stor del av potensialet som allerede var utnytta.

#### Sagbruksdrift 1661-1663

Fosen	Tallet på sager	Produksjon
Gamle sager	26	14 364
Sager bygd etter 1658	11	4 753
<b>Totalt</b>	<b>37</b>	<b>19 117</b>
<b>Resten av Sør-Trøndelag</b>		
Gamle sager	52	24 058

Sager bygd etter 1658	14	7 970
<b>Totalt</b>	<b>66</b>	<b>32 028</b>
<b>Nord-Trøndelag</b>		
Gamle sager	12	9 825
Sager bygd etter 1658	52	33 426
<b>Totalt</b>	<b>64</b>	<b>43 251</b>

Vi ser at det vart bygd relativt mange nye sager i Fosen i denne perioden, noen nye sager i resten av Sør-Trøndelag, men at det var i Nord-Trøndelag at den store veksten kom. I vår del av Strinda fogderi kom det tre nye sager i denne perioden, ei i Klæbu og to ved Jonsvatnet.

### Tal på sager og produksjon i denne delen av Strinda fogderi


I det området av Strinda fogderi som denne artikkelen omhandler var det 14 ulike sager mellom 1620 og 1663. Dei fordelte seg slik innafor undersøkelsesområdet i tre periodar:

	1620-30	1631-43	1661-63
Byneset	1		0
Klæbu/Tiller	2	1	1
Leinstrand	2	1	0
Strinda	4	2	4
<b>Totalsum</b>	<b>9</b>	<b>4</b>	<b>5</b>

Produksjonen fordelte seg slik:

	1620-30	1631-43	1661-63	Totalsum
Byneset	40	200		240
Klæbu/Tiller	634	275	120	1 029
Leinstrand	744	975		1 719
Strinda	7 824	2 820	3 550	13 794
<b>Totalsum</b>	<b>9 242</b>	<b>4 270</b>	<b>3 670</b>	<b>16 782</b>

Utviklinga er lettare å få oversikt over når ein viser det grafisk:



Vi ser at Strinda hadde dei fleste sagene og størst produksjon. Vi ser også at produksjonen var størst i perioden 1620-30 og så vart lågare ettersom tida gjekk. Her er det tydelig at den best tilgjengelige skogen tidleg vart uthogge, for mens denne delen av Strinda fogderi hadde minst produksjon i perioden 1661-63, så hadde heile Strinda fogderi størst produksjon i samme periode.<sup>2</sup>

### Dei største produsentane i tre periodar

Det var mange store og små produsentar i denne perioden. Vi vil her vise kven som var dei største i tre periodar, 1620-30, 1631-43 og 1661-63:

Radetiketter	1620-30	1631-43	1661-63	Totalsum
Jørgen Gramb	5500	1210		6710
Eilert Christoffersen Skjøller/Maren s. Eilert	1730	430		2160
Alexander Samson	660	595		1255
Jacob Pedersen og Eilert Christoffersen	400			400
Morten Lauridsen og Christopher Eijlersen			1510	1510

Opplysningar om den enkelte sageigaren finn ein i lista bakerst i artikkelen.

### Bondesager

Dei aller fleste sageigarane på denne tida var enten borgarar eller prestar. I denne delen av Strinda fogderi var det berre ei bondesag, Solem sag i Klæbu. Dette var ei lita sag som var i drift frå 1619-43 med total produksjon på 611 tylfter. I åra 1619-26 var presten i Klæbu medeigar.

### Dei enkelte sagene

I dette kapittelet skal vi kartfeste den enkelte saga, vise når dei var i drift, kven som var sageigar, og kva dei produserte.

<sup>2</sup> Her er det lett å gå vill i bruken av navnet Strinda. Strinda fogderi omfatta på 1600-tallet undersøkelsesområdet pluss Skaun kommune, Geitastrand og Malvik kommune, mens Strinda i disse tabellane er det som var Strinda kommune etter at Malvik vart utskilt frå Strinda i 1891.


Namna på sageigarane seier lite for dei fleste. Men til slutt i artikkelen er det ein alfabetisk oversikt over eigarane med fleire opplysningar om dei. Ein kan bruke denne lista som oppslagsverk mens ein les gjennom dei enkelte sagene.

## Byneset-Leinstrand



1. Schelbred sag  
Her Mogens Lauritsen 1627-34. Produksjon 110 tylfter.  
Øllegaard s. her Mogens Lauritsen 1635. Ingen produksjon.  
Anders Jensen Hellekand 1636-55. Produksjon 1 155 tylfter til 1644.
2. Flatås sag/Leerbekk sag  
Her Mogens Lauritsen 1620-27. Produksjon 48 tylfter.  
Morten Lauritsen 1644.
3. Stene sag  
Her Anders på Byneset 1623. Produksjon 40 tylfter.  
Morten Lauritsen 1643-46. Produksjon 300 tylfter i 1643.  
Her Michel Andersen 1643-61. Ingen produksjon, bare grunnleielister.
4. Ringvål sag  
Christoffer Bjørnsen i Trondheim 1622-24. Produksjon 40 tylfter i 1623.  
Ments Christoffersen 1625-26. Produksjon 44 tylfter.
5. Stav sag  
Alexander Samson 1623-36. Produksjon 915 tylfter.  
Alexander Samson og Mads Pedersen 1637-39. Produksjon 380 tylfter.  
Alexander Samson 1640-44. Produksjon 450 tylfter til 1644.  
Kanelichen s: Alexander Samson 1646-49.  
Laurids Bastiansen 1650-63.

## Tiller-Klæbu




6. Kvåle sag i Thales bekk  
Her Bernt Brunsmann 1642-51. Produksjon 60 tylfter i 1642
7. Lysklett sag  
Albrett Jacobsen 1621-34. Produksjon 268 tylfter.  
Saga er ute av drift frå 1635, men står i grunnleielistene til 1650.
8. Bostad sag  
Peder Christensen 1659-63. Produksjon 120 tylfter 1661-63.
9. Solem sag  
Peder Bolstad hadde ei sag i 1610 som produserte 10 tylfter. Dette var sannsynlegvis Solem sag.  
Her Hans Jørgensen i Klæbu 1619. Ingen produksjon.  
Peder Tiller 1620-23. Produksjon 120 tylfter.  
Gaute Tiller og her Mogens i Klæbu 1624. Produksjon 92 tylfter.  
Gaute Tiller og Ludzie s. her Mogens 1625-26. Produksjon 104 tylfter.



Gaute Tiller 1626-36. Produksjon 185 tylfter.  
Anders Solum 1637-39. Produksjon 100 tylfter.  
Gaute Tiller 1640-44. Produksjon 10 tylfter.  
I 1644 står det at saga er han fradømt og øde.

## Trondheim



### 10. Leirfossen sag

Harcel Blecum hadde ei sag i 1610 som produserte 30 tylfter. Dette var sannsynlegvis Leirfossen sag.

Jørgen Gramb 1617-57. Produksjon 7 110 tylfter til 1635, deretter er saga fri for skatt.  
Nicolaj Poffuelsen 1659-60.

### 11. Wigde sag under garden Reppe

Jacob Pedersen og Eilert Christoffersen Skjøller 1617-20. Produksjon 400 tylfter både i 1617 og 1620.

Eilert Christoffersen Skjøller 1623-28. Produksjon 1 730 tylfter


Maren s. Eilert Christoffersen 1628-36. Produksjon 430 tylfter

Christen Bastiansen Stabel, gift med Maren, 1643-57. Produksjon 290 tylfter i 1643.

Christen Bastiansens arvinger 1659-60.

Morten Lauritsen og Christoffer Eilertsen 1661-63. Produksjon 1 510 tylfter.

## Jonsvatnet



12. Spiller sag under garden Haukåsen  
Jens Jensen Friis 1660-63. Produksjon 1 200 tylfter 1661-63.
13. Foss sag under garden Haukåsen  
Jens Jenssen Friis 1661-62. Produksjon 80 tylfter i 1662.
14. Øvre Jervan sag  
Jacob Pedersen 1625-29. Produksjon 36 tylfter i 1625.  
Christen Bastiansen 1655-60.  
Jens Jensen Friis 1661-63. Produksjon 160 tylfter i 1661 og 200 tylfter i 1663.

## Sageigarane på Strinda

Her skal vi vise ein alfabetisk oversikt over sageigarane på Strinda i perioden 1618-1663, og kven dei var.

**Albert Jacobsen.** Trondheimsborger som hadde Lusklett sag på Tiller.

**Alexander Samson** var fra England. Han var skipper for Jacob Pedersen i 1606, rådmann i Trondheim 1622-26 og 1632-39, og borgermester 1629-31 og 1635-36. Han hadde Staff sag på Leinstrand og fem andre sager i Trøndelag.

**Anders Jensen Hellekand** var fra Århus i Danmark. Han var fogd i Herjedalen 1627-31, rådmann i Trondheim 1636-50, borgermester 1651-63, og toller 1636-61. I 1639 bygde han reperbane i Trondheim sammen med Otte Lorch. Anders hadde Skjelbred sag på Byåsen, dessuten sju andre sager i Trøndelag.

**Anders Sollum.** Bonde i Klæbu/Tiller, der han hadde Solem sag.

**Christen Bastiansen Stabell.** Han var stiftskriver i Jemtland 1641-44 og rådmann i Trondheim 1650-58. Han vart gift med Maren Christensdtr Jyde, sannsynlegvis i 1642, enka etter Eiler Christoffersen Schøller. Han hadde Wige sag på Ranheim og Øvre Jerven sag ved Jonsvatnet og ei i Orkdal.

**Christoffer Bjørnsen.** Christoffer Bjørnsen (Darre). Borgermester Trh 1625-26 og 1631-32, rådmann 1610-22 og 1627-35. Han hadde Ringvål sag på Leinstrand.

**Eilert Christoffersen Skjøller.** Han var født i Ribe i Danmark. Fogd for Bakke kloster 1611-28. Han var gift med Maren Christensdtr Jyde, datter til borgermester Christen Jensen Jyde (død 1613), var fogd i Namdal i 1580, rådmann i Trondheim 1610, og borgermester 1610-13. Bror til Eilert, Casper Christoffersen Skjøller, var gift med søstera til Maren, Ellin. Eilert hadde Wige sag på Ranheim og Torp sag i Malvik.

**Gaute Tiller.** Bonde på Tiller der han hadde Solem sag.

**Her Anders Jacobsen på Byneset.** Han var sogneprest på Byneset 1625-41 der han hadde Steen sag.

**Her Bernt Brundsmann.** Bernt Johansen Brunsmann, sogneprest Hospitalet 1630-59. Faren var innvandra tysker. Han hadde Thallens sag på Kvåle i Klæbu og tre sager i resten av Trøndelag.

**Her Hans Jørgensen i Klæbu.** Sogneprest i Klæbu 1614-20, der han hadde Solem sag.

**Her Michel Andersen på Byneset.** Her Michel Andersen Pristrop, sogneprest på Byneset 1641-58 der han hadde Steen sag.

**Her Mogens Andersen på Klæbu.** Her Mogens Andersen, kapellan på Støren 1610, prest i Klæbu 1620-22, der han hadde Solem sag.

**Her Mogens Lauritsen.** Her Mogens Lauritsen Blix, kapellan til Domkirka 1612-20, sogneprest i Domkirka 1620-29. Han hadde Flatås sag og Schielbred sa på Byåsen, og tre sager i Gauldal.

**Jacob Pedersen.** Han var født i Vammenby i Danmark. Fogd Trondheim gård 1573-79, forvalter Romsdal len 1579-88, forvalter Giske gods 1588-1602, fogd Sunnmøre 1588-1602, fogd Romsdal 1602-09, lagmann i Trondheim 1609-23. Gift med Margrete Pettersdtr Falch. Han hadde Han hadde Wige sag på Ranheim og Torp sag i Malvik, pluss to sager i Skaun og ei i Orkdal.

**Jens Jensen Friis.** Sønn av Jens Nilsen Friis. Gift med Anne Eilertsdtr Skjøller. Han hadde tre sager ved Jonsvatnet og totalt åtte sager i Trøndelag.

**Jørgen Gramb.** Jørgen Johansen Gram, født i Gram i Danmark. Borgermester Trondheim 1611-20. Han hadde Leirfoss sag i Nidelva og to andre sager i Trøndelag.

**Laurids Bastiansen.** Lauritz Bastiansen Stabell, fogd Inderøy 1631-34, fogd Stjørdal 1634-41, borgermester 1644-69. Gift (1) med Karen Eilertsdtr Skjøller. I 1640 makeskiftet han 23 gårder i Inderøy/Stjørdal med 24 gårder i Strinda/Stjørdal (NRR VII s 640). I 1663 kjøpte han 27 av kronens gårder i Strinda og Stjørdal. Han hadde Staff sag på Leinstrand 1650-63, og totalt 14 sager i Trøndelag.

**Ludzia s. her Mogens Andersen i Klæbu.** Enka etter her Mogens Andersen i Klæbu. Ho hadde Solem sag.

**Mads Pedersen.** Sriver på Trh gård 1637-42. Sorenskriver i Salten 1653, og fogd i Tromsø 1658-61. Gift med Inger Ottesdtr, dtr til Otte Lorch. Hadde Staff sag på Leinstrand 1637-39 og seks sager totalt i Trøndelag.

**Mendt Christophersen.** Korektor katedralskolen 1621-29. Kapellan til domkirka 1629, og sogneprest til domkirka 1630-57. Sønn av borermeister i Trh Christoffer Biørnsen. Han hadde Ringvold sag på Leinstrand.

**Morten Lauritsen.** Han var skriver Trondheim gård 1628-29, fogd i Stjørdal og Verdal 1629-33 og fogd i Orkdal 1633-47. Han var gift med Maren Eilertsdr Schøller, og hadde Flatås sag på Byåsen i 1644, Steen sag på Byåsen 1643-46, og Wige sag på Ranheim 1661-63. Totalt hadde han 17 sager i Trøndelag.

**Nicolay Poffuelsen.** Han var lagmann i Trondheim 1653-58., ei drivende kraft for Løkken verk, og medlem i landkommisjonen 1661. Han hadde Leirfossen sag i Nidelva og Dragsten sag i Selbu rundt 1660.

**Peder Bolstad.** Han var bonde på Tiller der han hadde Bolstad sag.

**Peder Tiller.** Bonde på Tiller der han hadde Solem sag.

## Kjelder

1. Denne artikkelen bygger på ei undersøking av opplysningar for perioden 1590-1663 om sagbruksdrift i Norge i skattelistingene som ein finn på Digitalarkivet.  
Det er to listetyper som er av interesse, grunnleielistingene og skattelistingene. Grunnleielistingene er berre brukt for Trøndelag, mens skattelistingene er brukt for heile landet.  
For Trøndelag er alle sagene identifisert med navn, plassering og sageigar gjennom heile perioden, mens det for resten av landet bare er registrert talet på sager og produksjon for kvart år.  
Listene som er brukt finn ein i Digitalarkivet her:
  - Lensregnskapa 1610-60:
    - Sagavgift for Trøndelag 1620-60
    - Landskatten fram til 1638
    - Unionskatten 1638-44
    - Kontribusjon 1644-60
  - Stiftsamtsregnskapen 1661-63
  - Landkommisjonen 1661 i listene for lagdømmma 1661
2. Kartutsnitta er henta frå Norgeskart på nettet.
3. Personopplysningane om sageigarane er i hovedsak henta frå bøkene til Svein Tore Dahl:  
Svein Tore Dahl 1999: Embetsmenn i Midt-Norge i tiden 1536–1660  
Svein Tore Dahl 1999: Embetsmenn i Midt-Norge i tiden 1660–1700  
Svein Tore Dahl 1999: Embetsmenn i Nord-Norge i tiden 1536–1700  
Svein Tore Dahl 2000: Geistligheten i Nord-Norge og Midt-Norge i tiden 1536–1700
4. Opplysningene frå Kristiansunds historie er henta frå:  
Johnsen, Arne Odd, Kristiansunds historie 1:1-2, Kristiansunds historienemnd 1942-1951, side 66.
5. Norske Riksregistrarer (NRR) digitalt frå Nasjonalbiblioteket.

